

til  
private grunneigarar, organisasjonar og  
offentlege myndigheiter


Ålesund, 15.08.2022  
Vår ref. 627245-02

## Reinseanlegg på Kvasnes i Sula kommune - Varsel om utvida planområde

Det blei varsla om oppstart av planarbeid for reguleringsplan for reinseanlegg på Kvasnes 28. august 2018. Planområdet blei seinare utvida i varsel som blei sendt 20. juni 2019. Forslagsstillar er Sula kommune. Plankonsulent er Asplan Viak AS.

Prosjektering av moglege plasseringar av fjellhallen har vist at det er nødvendig å plassere fjellhallen noko lenger sør for å få tilstrekkeleg overdekking. Plassering er ikkje bestemt ennå, men illustrasjonar til konsekvensutgreiingane viser forskjellige moglegheiter, m.a. ei plassering som delvis er utanfor planområdet som er varsla om før.


Det utvida planområdet gjeld deler av eigedommane 58/1, 59/1, 59/2 og 59/12.



Illustrasjon: Utvida planområde mot vest.

### Alternative plasseringar frå konsekvensutgreiinga

Det er utgreidd to alternative lokalitetar på Kvasnes: Alternativ 2 midt i planområdet ved Kongshaugen, og alternativ 3, nord i planområdet ved naustrekka mot Kongshaugstranda. Sjølve reinseanlegget skal ligge inne i fjellet, med to alternative plasseringar B og C. Det blir no arbeidd vidare fortrinnsvis med alternativ 2 Kongshaugen for daganlegget, medan m.a. resultat frå nye grunnundersøkingar vil avgjere plasseringa til fjellhallen. Alternativ C for fjellhallen ligg delvis utanfor tidlegare varsla planområde.



Illustrasjon: Norconsult AS

### Lovgrunnlaget for å planarbeidet

Det blir varsla om utvida planområde for reguleringsplanen for reinseanlegg på Kvasnes med heimel i plan- og bygningslova kapittel 12, jf. § 12-8. PlanID for reguleringsplanen for reinseanlegg på Kvasnes er 2021002134.

### Frist for innspel

Vi ønskjer innspel innan 1. oktober 2022. Innspel sendast til [anna.hellstrom@asplanviak.no](mailto:anna.hellstrom@asplanviak.no) eller Asplan Viak AS v/ Anna Hellstrøm, Lerstadvegen 545, 6018 Ålesund.

Vi ber om innspel til området som er utvida, dvs. der fjellhallen blir vurdert plassert. Det er ikkje opent for nye innspel til andre deler av anlegget.

### **Vegen vidare**

Hausten 2022 vil det bli utarbeidd eit forslag til reguleringsplan. Når det har vore til politisk behandling vil planforslaget bli sendt på høyring og offentleg ettersyn. I den politiske saka vil det det inngå svar på innspel som er sendt no og tidlegare. Under høyringa får du eit nytt brev og du får eit nytt høve til å uttale deg.

### **Spørsmål?**

Vennleg ta kontakt på e-post [anna.hellstrom@asplanviak.no](mailto:anna.hellstrom@asplanviak.no) eller tlf. 476 72 792 dersom det er spørsmål som gjeld det utvida planområdet eller planprosessen elles.

Med venleg helsing  
Asplan Viak AS

Anna Hellstrøm  
arealplanleggjar

Telefon 47672792  
E-post [anna.hellstrom@asplanviak.no](mailto:anna.hellstrom@asplanviak.no)